
Vår referanse 2021/6547-4
Dato 17.03.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fråsegn om avklaring kring motsegn - Detaljregulering - Fossesjøen PlanID 12562015004 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad om avklaring angående motsegn for Detaljregulering for Fossesjøen.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Sida 01.01.2020 har vegmynde av fylkesvegar blitt overført til Vestland fylkeskommune. Statens vegvesen har framleis sektormynde over vegnettet. Og fordi det er dei som har fremja motsegn er det dei som må avklare om det skal trekkjast eller ikkje.

Det kjem fram av saksframlegget merknadane frå Statens vegvesen sitt motsegn er teke til følge, det er gjort ei omarbeiding av føresegna til reguleringsplanen. I hovudsak var merknadane knytt til rekkjefølgjekrav som omhandla trafikktryggleik.

Det nye punktet § 2.11 punkt 9 som er lagt inn er;

9. Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01–BFS03, BKS01–BKS10 og BBB01–BBB03 skal Fossekrysset med til høyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse–Moldekleiv, planid 20160012, samt at det skal vere etablert trygt tilbod for mjuke trafikantar langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule.

Vestland fylkeskommune meiner dette nye punktet tek Statens vegvesen sine merknadar til følge, men det er likevel dei som sektormynde som avgjer avklaringa rundt motsegn.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksbehandlar:

Lilian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Kopi til:

STATENS VEGVESEN LEIKANGER
KONTORSTED

Askedalen 4